

Innspel til høyring - framtidig skole- og tilbodsstruktur og alternative opplæringsmodellar

Eg støttar alternativ 4, spesielt at skulestaden i Lom skal bevarast.

Det er svært viktig å behalde skulen i Lom for elevane (både noverande og framtidige), og for lokalsamfunnet i bygdene våre. Skulestaden i Lom har eit robust fagmiljø som har skapt stabilitet for elevane, dei tilsette og for lokalsamfunnet i mange tiår. Det at dei har dette miljøet og gode rutinar er ein føresetnad for ei god framtid for framtidige elevar, tilsette og vårt lokalmiljø.

Det å ha ein lokal vidaregåande er svært viktig for lokalsamfunnet i form av at elevane er sterke bidragsytarar inn i blant anna idrett, kultur, politikk, arbeidsliv og andre aktivitetar som skapar liv i bygdene. Dette både som aktive deltagarar, trenarar, og at dei stakar ut kursen for korleis framtida skal bli. Dette er svært viktig for korleis aktivitetane er når elevane går på skulen, men dette skapar også tilknyting, meistring og framtidstryggleik, som aukar sjansa for at elevane ønskjer å fløtte attende etter at dei har fullført utdanninga si.

Eg sjølv står i denne situasjonen no. Eg hadde ein fantastisk oppvekst i Skjåk med mange aktivitetar og eit trygt lokalmiljø. Eg nytta godt av det trygge, robuste fagmiljøet som skulestaden i Lom kunne tilby. Dette gjorde at eg hadde eit godt utgangspunkt som har gjort at eg no sit med ein master i forretningsutvikling, i tillegg til å være lektor med opprykk. Dette for å ha best mogleg utgangspunkt for å være ein god ressurs for lokalsamfunnet, og for å ha moglegheit til å sikre ein trygg og stabil jobb i dalen. Eg er no 28 år, ynskjer å flytte attende, men skulestruktursaka gjer meg usikker på denne avgjersla. Det er fire årsaker til dette:

1. Vi kjem forhåpentlegvis til å få fleire barn etter at vi fløt oppover. Å ha ein god lokalskule er svært viktig for å skape trygge rammer for oppvekst og den framtidige utdanninga til desse barna. Vidaregåande er i utgangspunktet ei heftig

tid for ungdommane, der dei skal finne seg sjølv, og kva dei ynskjer å satse på framover. Når dei i tillegg må bruke fleire timer om dagen på ein buss, eller må flytte på hybel allereie i 15/16 års alderen blir ikkje dette lettare. Dette vil svekke dei trygge rammene og tilgangen på dei robuste lokale fagmiljøa for ungdommen vår. Dette er utfordrande nok for «A4 ungdommar». Ein veit aldri kva for utfordringar barna kan få, og om ein får ein ungdom som har utfordringar sosialt, psykisk, lærevanskar eller likande kan dette være kritisk for gjennomføringa av vidaregåande utdanning. Dette er eit klart svar på eine spørsmålet de stiller til høyringa angåande ungt utanforskap og gjennomføring av vidaregåande. Det beste tiltaket ein kan ha for å forhindre utanforskap og sikre gjennomføring er enkel tilgang på solide læringsmiljø med god støtte frå omgivnadene. Dette får ein ikkje ved å sitje på ein buss i fire timer om dagen, eller å bu åleine på ein hybel, dette får ein ved å ha ein lokalskule av det kaliberet som skulestaden i Lom er.

2. Ved å legge ned skulestaden i Lom legg ein ned ein stor og viktig arbeidsplass for bygdene våre. Vi har sett at det er mange unge som utdannar seg til å bli pedagogar i bygdene våre, og det er derfor ein viktig arbeidsplass i notida, men også i framtida. Blir skulen lagt ned mistar vi moglegheita for ein god og trygg arbeidsplass der vi kan utgjere ein forskjell for ungdommane i bygdene våre.
3. Ein anna implikasjon ved at skulen blir lagt ned er at dei tilsette mistar jobben, og det kjem derfor til å bli mange arbeidssøkjarar. Dette fører til at det kjem mykje fleire konkurrentar på arbeidsmarknaden med høg utdanning, og det vil være stor kamp om dei relevante jobbane. Og kva skjer da med dei søkerane som ikkje finn seg arbeid? Dei må flytte dit det finns arbeid, mest sannsynleg i meir sentrale strøk, og vi får derfor ei forsterka sentralisering.
4. Det siste punktet er kanskje det viktigaste. Det skapast ein sjølvoppfyllande profeti no. Det går mykje rykte om minkande folketal, kalkylar om færre søkerar og generelt ei fråflytting frå distrikta. Dette samtidig som at skulestaden i Lom har stabile elevtal i lang tid, mange har flytta attende etter fullført utdanning, eller ynskjer å flytte attende. Det er også mange frå andre stader som ynskjer å flytte oppover til dalane våre. Da kan vi ikkje sitte her å spå fråflytting, tomme barnehagar, skular, arbeidsplassar og fritidstilbod, og skape eit mørkt

framtidsbilde. Da er det ikkje nokon som tør å ta skrittet med å flytte ut i distrikta. Dei som vil flytte til bygdene våre vil flytte til kommunar med framtidstru og visjonar om å bevare gode fagmiljø og levande lokalsamfunn. Dei ynskjer at det skal være gode moglegheiter for barn, ungdom, vaksne og eldre for at dei kan flytte. La oss ikkje skape ein dyster framtdydystopi, la oss fortsetje i den retninga vi har bygd grunnmuren for i alle år ved å nettopp ha desse solide fagmiljøa, dyktige lokalbefolkinga og levande bygdene. La oss få behalde hjørnestenen i grunnmuren vår!

Mvh Ingrid Eiesar Storbråten.

Odelsjente, forretningsutviklar og lektor med opprykk som har stor framtidstru på bygda, lokalsamfunnet og fagmiljøet i dalen vår, men som fryktar for framtida om vi legg ned eit hjørnestein tilbod som vidaregåandeskulen i Lom er.